



Melding om vedtak

Aud Ellefsrud
Gunnarsvei 26A

3746 SKIEN

Delegert sak nr. 14/291

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
KNEG	2014/2412	15874/2014	119/154	13.10.2014

119/154 - Eitt-trinns søknad - fritidsbustad med minirensanlegg

Løyve til tiltak, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyve til tiltak, jf pbl § 20-1 og kap 12 i forureiningsforskrifta.

Ansvarsrett i samband med tiltaket, jf pbl § 23-4 – 23-6.

TILTAK: Ny fritidsbustad med minirensanlegg
TILTAKETS ADRESSE: Drivarbekkdalen, Øyfjell, 3890 Vinje
EIGEDOM: Gnr 119 bnr 154 i Vinje kommune
ANSVARLEG SØKJAR: Langhuset Kvalitetsbygg AS, Øyfjell, 3890 Vinje
TILTAKSHAVAR: Aud Ellefsrud, Gunnarsvei 26A, 3746 Skien
BRA (NS 3940): 36,2m²
BYA (NS 3940): 45 m²

VEDTAK

- 1. Bakgrunn/utgreiing av tiltaket er gjeve jf *pkt.1* med underpunkt i saksutgreiinga.**
- 2. Ansvarsrett og godkjenning av føretak jf pbl § 22-3 og § 23-1 i samband med tiltaket vert gjeve jf *pkt.2* med underpunkt i saksutgreiinga.**
- 3. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf *pkt.3* med underpunkt i saksutgreiinga.**

Særskilte vilkår som ikkje er oppgjeve i *pkt.3* i saksutgreiinga.



SAKSUTGREIING

1. Bakgrunn og beskriving

Referanse:

1.1 Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20060008 Bjørnemoen og Drivarbekk.

Grunnlag for handsaminga:

1.3 Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 registrert 07.10.2014. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 06.10.2014, jf. saksmappenr. (j.nr.) 2014/2412-1 med vedlegg.

1.4 Tiltaket gjeld ny fritidsbustad og minirensanlegg. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

1.5 Naboar er varsla, 18.09.2014.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 synest å være tilfredsstillande.

2. Ansvarsrett og godkjenning

2.1 Søknad om godkjenning av føretak som gjeve i vedlegg nr. 7.

Søklar(ane) synest å ha oppfylt krav til godkjenning etter pbl og byggesaksforskriften

2.2 Søknad om ansvarsrett som gjeve i vedlegg nr. 7 - 9.

Søklar(ane) synest å ha oppfylt krav til godkjenning etter pbl og byggesaksforskriften

Ansvar i samband med tiltaket jmf PBL § 23-4 og § 23-5

	Ansvarsbelagde område innafor Prosjektering og Ansvarleg søkar	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
SØK	Ansvarleg Søkar	1	Langhuset Kvalitetsbygg AS	Orgnr: 995 638 002	S
PRO	Arkitektur	1	Langhuset Kvalitetsbygg AS	Orgnr: 995 638 002	S
PRO	Sanitær og Minirensanlegg	1	Vinje Rør AS	Orgnr: 995 746 763	S

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande

S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning

Ansvarleg søkar og Ansvarleg prosjekterande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-2 og §12-3

Ansvar i samband med tiltaket jmf PBL § 23-6



	Ansvarsbelagde område innafor Utføring av tiltaket	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer	God kj.
UTF	Byggningsmessige arbeid	1	Langhuset Kvalitetsbygg AS	S
UTF	Grunnarbeid og landskapsutforming	1	Dyrdal AS	L
UTF	Sanitær og Minirensanlegg	2	Vinje Rør AS	S

UTF = Ansvarleg utførande

Ansvarleg utførande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-4

S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning

3. Vilkår fritidsbustad

- 3.1 Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk.
- 3.2 Utvendig må det brukast naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.
- 3.3 Taktekking skal være torv.
- 3.4 Dersom hytta står på pålar må det setjast opp gjerde mellom desse, slik at ikkje sau og liknande kjem under hytta.
- 3.5 Krav til handsaming av avfall er gjeve i SAK 10, Kap 9 og i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta).
- 3.6 Det skal ikkje setast opp gjerde eller flaggstang i området.
- 3.7 Båthus vert ikkje godkjent.
- 3.8 Eksisterande terreng og vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på.
- 3.9 Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2
- 3.10 Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år, eller innstillast for lengre enn 2 år, etter at løyve er gitt, fell løyve bort, jf. plan- og bygningslova § 21-9.
- 3.11 Handsamingsgebyr reknast etter regulativ:

Lokal godkjenning av føretak:	2x400,-
Lokal godkjenning av føretak med sentral godkjenning:	1.500,-
Løyve til tiltak – tiltaksklasse :1	8.000,-
Arealgrunnlag: BRA/BYA = 36,2 m ² / 45 m ² .	

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 04.04.2013) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

Orientering om renovasjonsordning og årlege kommunale avgifter ligg ved



4. Vilkår minirenseanlegg

- 4.1 Tiltakshavar er ansvarleg for at anlegget fungerer i samsvar med søknad og med opplysningane som ligg i vedlegg. Dersom det likevel oppstår forureining er det forureinar sitt ansvar.
- 4.2 Maksimum utslepp til natur i samsvar med forureiningslova med krav til reinseeffekt på min: 90% fosfor(P) og 90 % BOF5 suspendert stoff(SS).
- 4.3 Reinseeffekten skal bereknast som årleg middelerdi av det som blir tilført reinseanlegget.
- 4.4 Utsleppstad for avløpsvatn frå reinseanlegget skal lokaliserast og utformast slik at verknadane av utsleppet på resipienten blir minst mogleg og at brukarkonflikter ikkje oppstår, medrekna at utsleppet ikkje medfører fare for drikkevatt.
- 4.5 Det må ligge føre avtale med RENOVEST om tøming av anlegget. Serviceavtale må sendast inn før ferdigattest vert gjeve.
- 4.6 Handsamingsgebyr reknast etter regulativ:
- | | |
|---|---------|
| Løyve til tiltak minireinseanlegg – tiltaksklasse:2 | 8.000,- |
|---|---------|

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 04.04.2013)for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-1 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 synest å vere i orden, slik at det kan gjevast løyve til tiltaket.

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker til Fylkesmannen i Telemark i samsvar med § 1-9 i plan- og bygningslova. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten

Med helsing

Kjell Negarden
Byggesakshandsamar

Kopi:
Langhuset Kvalitetsbygg AS, Øyfjell, 3890 Vinje